

# Møtereferat

**Møte:** Møte AU Midt-Norge  
**Tid/Sted:** Tysdag 24.05.16 kl 11 - kl 18 på Nortura Steinkjer  
**Tilstede:** Ragnar Omli, Olav Håkon Ulfsnes, Arnt Ove Løvås, Ragnar Valstad, Rigmor Hustad, Trude Sandstad Eldnes, Ivar Wang og Roy Albertsen  
**Forfall:** Kolbjørn Frøseth (Ivar Wang møtte)  
**Kopi til:** Trine Hasvang Vaag, Oddveig Gikling- Bjørnå, vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 24. mai 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Omvisning og orientering om Nortura Steinkjer</b> Torben Holm orienterte.	
	<b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b>	
2	<b>Info fra salsavdeling ytre sal daglegvare og PROFF</b> Erlend-Andre Iversen fra PROFF og Knut Bang-Larsen fra ytre sal daglegvare orienterte.	
	<b>Spørsmål/kommentarar:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvifor er alle dyreslaga som vi har for lite av godt representert i vareutvalet, medan dei dyreslaga vi har overproduksjon av er lite representert, spesielt lam? Viktig å legge til rette for at dyreslag vi har overskot av vert fremma mot PROFF og Stykkevis &amp; Delt-konseptet, som t.d. lam. Må tenke nytt og fokusere på mogelegheitene.</li> <li>• Viktig med større samhandling i organisasjonen ved overskottssituasjonar</li> <li>• Status for regionale produkt? Samarbeid mellom råvare/tilførsel og sal?</li> <li>• Vert det gjort noko for sal utanom sesong, t.d. av lam? Kommunikasjon til oss som produsentar er viktig, slik at vi kan levere ferske lam.</li> <li>• Tener vi pengar på samarbeidet med kjedene? Har vi nye salskanalar i tillegg til kjedene, t.d. samarbeid med andre samvirkeorganisasjonar?</li> <li>• Går vi på akkord med kvalitet på produkta våre, med endring av resept?</li> </ul>	
	<b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU ynskjer tilbakemelding på kva som konkret vert gjort for å betre samhandlinga frå bonden via slakting til ytre sal/forbrukar.</b>	Roy
3	<b>Oppfølging av RU-møte og kretsmöta</b> Brit Kari la fram oppfølgingsrapportane. Dei vert no utsendt til regionutvalet.  Ingen spørsmål/kommentarar.	
	<b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b>	
4	<b>Samarbeid mellom samvirkeorganisasjonane om medlemsarbeid, nybrukaroppfølging, m.m.</b> Ragnar O orienterte om innspel om m.a. kontorfelleskap på Steinkjer for landbruksorganisasjonane.	
	<b>Spørsmål/kommentarar:</b>	

- Fellesskapet vil totalt sett tene på ei samlokalisering, sjølv om det nokre stader vil auke kostnader til kontor. Også mogelegheit for å selje bondens varer i tilknyting til ei slik lokalisering.
- Samlokalisering er eit tema som må bringast inn i styra i organisasjonane.
- Olav Håkon får ansvar for å utarbeide brev til styret, med oppfordring om å kontakte dei andre organisasjonane om mogelegheit for samlokalisering og samordning av medlemstenestene.

**Vedtak: AU vedtek at Olav Håkon får ansvar for oppfølging.**

Olav Håkon

---

**5 Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem region Midt**

Silje orienterte om aktivitet og arbeid i team gris. Roy orienterte om marknadsandelar og tilførslar, klassifisering storfe på Malvik, tilførselsarbeid, arbeid i team storfe og småfe, garantiordning for sal av kjøtfekviger, status rekneskap, m.m.

Spørsmål/kommentarar:

- Ynskje om at kommunevise marknadsandelar vert utsendt til kretsleiarane.
- Justert klassifisering bør informerast om i brev frå Animalia og Nortura, med beklagning.
- Er Nortura tydeleg og samkørt i heile landet i si rådgjeving til småfeprodusentar som ynskjer å satse på auka produksjon?
- Kan stimulering til auka storfekjøtproduksjon føre til ein overskotssituasjon? Er det gjort berekningar på dette? Svak lønsemd hos NRF kan føre til satsing på Holstein, der kalvar vert slått i hel.
- Holstein kan brukast i gourmetkalvproduksjon. Burde vore testa ut meir.

Brit Kari  
Roy

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**6 Oppnemning av ressursgrupper**

Det vart lagt fram forslag til ressursgrupper for egg, kylling og småfe. Storfe og gris er ikkje klar enno.

**Vedtak: AU vedtok ressurgrupper for egg, kylling og småfe i samsvar med forslag frå AU-medlemane, jf vedlegg. Ressursgrupper for storfe og gris vert oppnemnt på neste møte.**

---

**7 Fordeling av ansvarsrektsar**

Brit Kari la fram forslag.

Spørsmål/kommentarar:

- Ynskje om at Trude får ansvar for Sentrale Namdal.
- AU ynskjer å delta på møter i kretsane til hausten, med aktuell info som tilførslar og arbeidet i AU.

**Vedtak: AU vedtok fordeling av ansvarrektsar, jf vedlegg.**

---

**8 Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar og omsøkte midlar. Det har aldri før vore planlagt så mange tiltak i så mange kretsar ☺ Det er så langt mottatt søknad om kr 152 500, medan budsjettet er på kr 125 000.

Spørsmål/kommentarar:

- Svært positivt med stor aktivitet i kretsane. Det er budsjettet eit visst overforbruk, og det må signaliserast til kretsane at det kan pårekna at det vert sett strek når budsjettet er nådd.
- Oppmøde kretsane om nøkternheit

**Vedtak: AU vedtok tildeling av midlar til kretsaktivitet som omsøkt, jf vedlegg.**

9      **Eventuelt**

- Olav Håkon:

Spørsmål om AU kan bidra med systematisk påverknad mot politiske parti, t.d. i deira arbeid med partiprogram, og mot andre samunnsaktørar som Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, WWF, m.fl.

Brit Kari har tatt dette opp med org sjef Tor Olav Brandtzæg. Det har ikkje tidlegare vore diskutert, men næringspolitisk direktør Gunnar Dalen og Tor Olav vil involvere styret i diskusjonen. Dersom organisasjonen er nokolunde samkøyrt, vil det vere veldig bra med bidrag frå regionane.

- Arnt Ove orienterte om status kylling: 20 produsentar får ikkje produsere kylling frå 01.01.2017. Planlagt møte torsdag denne veka i regi av fjørfekjøttringen/Arnt Ove er utsett pga av forfall frå konsernleiinga. Forventa info frå Rema neste veke vedk kyllingslakteri.